



## DEN NORSKE KYRKJA

### Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 09.01.19.

Til diakon Gitte T. Torstad  
Soknediakon for Sogndal og Leikanger

### REVIDERT DIAKONIPLAN FOR KAUPANGER SOKN FRÅ 9. JANUAR 2019 Ref. sak 02/19 til handsaming på soknerådsmøte 8. januar

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, og visjonen med det diakonale arbeidet er at evangeliet kjem til uttrykk gjennom handling til beste for vår neste. Dette betyr at omsorgstenesta skal visa att på fleire måtar, der me gjev kvarandre praktisk hjelp, trøyst, motivasjon og oppmuntring i det daglege livet.

Kyrkja skal vere ein formidlar av både ord og sakrament, visa omsorg og hjelp i møte med menneske, og på denne måten kan me seja at kyrkja er ei «diakonal kyrkje». Kjerneområda skal etter Kyrkjerådet sitt vedtak femne om: a) inkluderande fellesskap b) nestekjærleik c) vern om skaparverket og d) kamp for rettferd.

**Kaupanger Sokneråd ynskjer at diakonal tankegang gjennom inkluderande fellesskap og nestekjærleik skal syna att i vårt arbeid, og me vil arbeida vidare med pkt. a og b i avsnittet ovafor som prioriterte oppgåver.**

Tiltak	Inkluderande fellesskap
Målsetting	<ol style="list-style-type: none"><li><i>Gje tilbod om kyrkjeskyss til eldre og alle andre som har behov for det i bygda vår. Det inneber at me må skaffa sjåførar som kan tenkja seg å henta og køyra personar til/frå kyrkje heile året.</i></li><li><i>Me vil halda fram arbeidet med å skaffa song- og musikk-krefter til flest mogleg av våre gudstenester og arrangement</i></li><li><i>Halda fram med rekruttering av frivillige personar til å delta i oppdrag som kyrkjevertar, tekstlesarar, baking til kyrkjekaffi og årsmøte, dugnadar samt kyrkjeskyss m.m.</i></li></ol>
Tid for gjennomføring	Tilboden i pkt 1 starta i august 2017, men har ikkje vore nytta. Me publiserer det på nytt i Kyrkjebladet og på Facebook med verknad frå 20. januar 2019. Pkt 2 og 3 har vore praktisert sidan januar 2017
Tid for evaluering	Kontinuerleg – ved utgangen av året 2019 vurderar me bruken så langt
Ressursar	Medlemene i soknerådet, konfirmantforeldre og andre frivillige
Samarbeid med	Medlemer i kyrkjelyden i Kaupanger
Ansvarleg	Soknerådet

Tiltak	<b>NESTEKJÆRLEIK</b>
Målsetting  NB! Sogndal statlege mottak for flyktningar er lagt ned. Behov for hjelp uvisst.	<p>4. <i>Besøksteneste/venneteneste til alle personar i bygda frå dei fyller 80 år, og ha med ei lita helsing i form av ein blom eller noko anna som kan passa. Ordninga vert gjennomført kvart kalenderår for personar som fyller 80, 85, 90, 95, 100+. På fødselsdatoen kan ein leggja inn eit besøk og ha ein prat om det er aktuelt. Kyrkjeboka kan brukast som grunnlag for å laga seg ei oversikt på aktuelle personar.</i></p> <p>5. <i>Omsorgsarbeid: Sidan Sogndal statlege mottak for flyktningar er lagt ned, vil Kaupanger sokneråd vera i beredskap dersom behov melder seg i samarbeid med diakonen i Sogndal.</i></p> <p>6. <i>Open felles julaftansfeiring i 2018 var vellukka. Erfaringane og evalueringsmøte 08.01.19 tilsa at me vil halda fram med denne tradisjonen i samarbeid med Sogn Folkemuseum basert på at nok frivillige personar kan hjelpe til.</i></p>
Tid for gjennomføring	Frå 9. januar 2019
Tid for evaluering	Kontinuerleg; oppsummering og erfaringar innan 30.11.2019 – nytt soknerådsval i september 2019. I 2018 var det 18 personar på lista, vart godt motteke og berre ein person ynskte ikkje besøk. For 2019 er det 13 personar på lista.
Ressursar	Diakon og medlemer i diakoniutvalet og soknerådet og andre frivillige
Samarbeid med	Medlemer i kyrkjelyden
Ansvarleg	Diakon og sokneråd

*NB! Vårt «draumepunkt» om framtidige temakveldar er no erstatta av pkt.6 med Open felles julaftansfeiring.*

Med helsing Kaupanger Sokneråd  
Einar Skeie/leiar